



Høgskolen i Hedmark

Studieplan 2009-2010

Bachelor i idrett – spesialisering i trenarrolla

Nynorsk utgåve

Me tek atterhald om moglege feil som kan ha kome til under omsetting frå bokmålsutgåva

Bachelor i idrett - spesialisering i trenarrolla

FS kode: B1IDT

Studiepoeng: Arbeidsmengd i studiepoeng er: 180.

Innleiing:

Høgskulen i Hedmark, Avdeling for helse- og idrettsfag tilbyr i samarbeid med den frivillige idretten ein bachelor i idrett der ein set fokus på trenarrolla. Forsking peikar i retning av at omfanget av den frie leiken og dei uorganiserte idrettsaktivitetane minkar, mens delen av medlemskap i den organiserte idretten aukar. For å leggje til rette for eit positivt sosialt oppsedarmiljø og fagpedagogisk læringsmiljø, blir trenarar innanfor den organiserte idretten og fritidsleiarane spesielt viktige aktørar. Den måten idrettsopplæring blir praktisert på, vil sannsynlegvis ha stor innverknad på korleis barn og unge opplever møtet med idretten, og dei opplevingane dei får vil sannsynlegvis også ha mykje å seie for motivasjonen til å fortsetje å drive idrett seinare.

Læringsmål:

Målet for studiet er å utdanne godt kvalifiserte trenarar for både topp- og breiddeidretten. Gjennom studiet vil studenten lære å planleggje, leggje til rette, gjennomføre og vurdere trening for ulike utøvargrupper. Her vil studenten få innsikt i individuelle og grupperelaterte føresetnader for prestasjonsutvikling, og i korleis treningsmetodar og trenarrolla kan brukast som eit ledd i systematisk prestasjonsforbetring. Studenten vil gjennom heile studiet bli utfordra på å arbeide kritisk med idrettsfaglege problemstillingar. 1. studieår er tenkt som eit basisår som vil gi grunnleggjande praktisk og teoretisk kunnskap innan idrett. Følgjande idrettar/ emner vil bli vektlagde: Basistrening, turn, symjing, ski, orientering og ballspel. I løpet av 1. studieår vil studentane få trenarkompetanse i fleire idrettar. I 2. og 3. studieår vil studenten kunne fordjupe seg innanfor sin valde idrett. Studenten vil i fordjupinga si ha praksis som trenar i den frivillige idretten, i samarbeid med region og forbund. Studentar som ønskjer fordjuping i trenarrolla i andre idrettar enn dei som blir nemnde ovanfor, må ha trenar I kompetanse i den aktuelle idretten ved oppstart eller skaffe seg dette i løpet av 1. studieår. Høgskulen vil kunne hjelpe til med å tilretteleggje for denne trenarkompetansen.

Målgruppe:

Studiet rettar seg mot personar som har spesifikk interesse for idrett og som i framtida ønskjer å jobbe med læring og prestasjonsutvikling hos enkeltindividet og/eller grupper i idretten.

Opptakskrav: Generell studiekompetanse eller realkompetanse på tilsvarende nivå.

Studiet si lengd, omfang og nivå :

Bachelor i idrett - spesialisering i trenarrolla er eit heiltidsstudium på 180 studiepoeng med normert studietid på tre år.

Kompetanse:

Fullført 3-årig studium gir rett til tittelen Bachelor i idrett - spesialisering i trenarrolla og kvalifiserer for oppgåver som bl.a:

- Trener I i utvalde basisidrettar
- Høgare trenarkompetanse i fordjupingsidretten.
- Med påfølgjande PPU utdanning kvalifiserer studiet studenten som kroppsøvings- og idrettslærer.
- Idrettskonsulent
- Administratorverv i offentleg (for eksempel i kommune eller fylkeskommune), frivillig (for eksempel i idrettslag eller idrettskrins) eller kommersiell (for eksempel treningscenter) verksemd
- Aktivitetsleiurar (i for eksempel skulefritidsordning)

Fullført og bestått studium kan gi grunnlag for opptak til masterstudiar i idrettsvitskap ved høgskolar og universitet i inn- og utland.

Studiet sitt innhald, oppbygging og organisering :

I tabellen under er emna fordelte over 3 år.

1.studieår (semester 1 og 2) 60 studiepoeng	2.studieår (semester 3 og 4) 60 studiepoeng	3.studieår (semester 5 og 6) 60 studiepoeng
Fagdidaktikk - 5 sp	Fordjupingsidrettar med trenarpraksis - 15 sp	Fordjupingsidrett med trenar- og arrangementspraksis - 15 sp
Idrett - 25 sp	Idrettspsykologi - 15 sp	Fordjupingsarbeid med skriftleg rapport - 15 sp
Læring om rørslene - 10 sp	Samfunnsvitskapelege emne 2, - 10 sp	Valfrie modular - 30 sp
Fysiologi, helse og treningslære - 15 sp	Treningslære 2 - 10 sp	
Samfunnsvitskapelege emne 1 - 5 sp	Vitskapsteori og metode - 5 sp	
	Valbare aktivitetar/ idrettar - 5 sp	

Emna i 1.-3. studieår byggjer på kvarandre slik at det blir ein stigande progresjon i studiet. Det nettbaserte studiestøttesystemet Fronter blir nytta i undervisninga. Som ein del av praksisopplæringa 1., 2. og 3. studieår må studenten rekne med utgifter i samband med transport til praksisstaden. Delar av undervisninga kan skje utanfor campus og studenten må rekne med utgifter i samband med transport. Einskilde målområde krev at studenten sjølv har utstyr for å kunne delta, for eksempel i samband med undervisning i ski.

Informasjonskompetanse:

I samarbeid med biblioteket og høgskulen si IT teneste vil det bli gitt orientering om dei hjelpemidla som blir nytta av høgskulen, kva gjeld kommunikasjon, informasjon og tekniske hjelpemiddel. Opplæring i informasjonskompetanse kjem inn som tema i teoriundervisninga for obligatoriske oppgåver og metodekurs. Studentane får opplæring i å søkje etter relevant informasjon og nyare forskning. Dei må kunne vurdere dei ulike informasjonskjeldene kritisk, vite kva slags krav som blir stilt til siteringar og annan bruk av kjeldene, samt kjenne krav til kjeldeopplysning i skriftlege framstillingar. Det blir lagt vekt på at studentane skal forstå behovet for oppdatering og ny kunnskap og at dei er i stand til å innhente og bruke denne informasjonen i eiga læring.

Internasjonalisering:

Mykje av forskinga og publiseringa innan feltet skjer internasjonalt. Undervisning i informasjonsteknologi og bruk av internasjonale faglege databasar vil derfor styrkje studenten sin evne til å utvide dei faglege perspektiva sine.

Høgskulen i Hedmark søkjer å leggje til rette for studieopphald i utlandet. Studieopphald av lengd på 1 eller 2 semester blir gjennomførde i løpet av 2. studieår. Kortare utvekslingar kan vere aktuelle, men må inngå som ein del av den faglege verksemda. Alle utanlandsopphald må godkjennast av Høgskolen i Hedmark på førehand. Studentar i utveksling er høgskulen sine representantar og må vere førebudde på å ta på seg oppgåver i tråd med dette.

Undervisnings- og læringsformer:

Studiet stiller stor krav til deltaking og medansvar og er basert på ei forståing om at studentar og lærarar har eit felles ansvar for å utvikle kunnskap. Feltarbeid har stor plass i studiet og studiet sin praktiske eigenart gjer at studentane må beherske eit mangfald av praktiske arbeids- og opplæringsformer og kunne samarbeide. Studiet blir lagt opp slik at studentane erfarer og medverkar til at teoretisk fagstoff blir integrert i den praktiske delen. Slik skal kunnskap omsetjast til forpliktande handlingskompetanse. Det vil bli lagt vekt på problembaserte formidlingsformer der studentane lærer gjennom erfaring og rettleiing, og der studentane i stor grad vil bli medansvarlege for den faglege fordjupinga, både praktisk og teoretisk. Studentane skal planleggje eige arbeid, arbeid sjølvstendig og i grupper med blant anna tema- og prosjektorganisert opplæring.

Vurderingsformer :

Det blir nytta ulike vurderingsformer i studiet, avhengig av det enkelte fagområdet sin eigenart. Dei vurderingsformene som blir valde, saman med arbeidsoppgåver som blir utførte undervegs i studiet, er viktige verkemiddel for å realisere samspelet mellom dei ulike emna i studiet. Vurderingsformene blir lagde opp slik at studentane møter varierte vurderingsformer som er tilpassa mål og arbeidsformer i studiet. Studentane vil få både undervegs- og sluttvurdering. For å få eksamenskarakter blir det føresett at obligatoriske arbeidskrav er godkjent. I emnebaserte emne blir det gitt karakter i kvart emne.

Emnekode	Namnet på emnet	S.-poeng	O/V *)	Studiepoeng pr. semester					
				S1(H)	S2(V)	S3(H)	S4(V)	S5(H)	S6(V)
1SVE02	Samfunnsvitenskaplege emne 1	5	O	5					
1BEVL01	Læring om rørslene	10	O	10					
1ID11	Idrett	25	O	15	10				
1FHT11	Fysiologi, helse og treningslære	15	O		15				
1FAD01	Fagdidaktikk	5	O		5				
1SVE02-02	Samfunnsvitenskaplege emne 2	10	O			10			
1TRE01-02	Treningslære 2	10	O			10			
1FIT11	Fordjupingsidrettar med trenarpraksis	15	O			10	5		
1IPS11	Idrettspsykologi	15	O				15		
1VTM01	Vitenskapsteori og metode	5	O				5		
Avheng av vald aktivitet	Valgbare aktivitetar - 5 studiepoeng	5	O				5		
1FIA11									
Fordjuping sidrettar med trenar- og arrangementspraksis	15	O					5	10	
1BACT11	Bacheloroppgåve - trenarrolla	15	O					5	10
Avheng av vald modul	Frie modular	30	O					20	10
Sum:	30	30	30	30	30	30			

*) O - Obligatorisk emne, V - Valbare emne

Ingen litteratur

1BACT11 Bacheloroppgåve - trenarrolla

Emnekode: 1BACT11

Namnet på emnet: Bacheloroppgåve - trenarrolla

Studiepoeng: 15

Semester: Haust / Vår

Språk: Norsk

Læringsmål:

Studenten skal ved fullført emne ha tileigna seg

- kunnskap og dugleik til å planleggje og gjennomføre forskings- og utviklingsarbeid som er knytt opp mot ei relevant problemstilling for trenarrolla
- nødvendig kunnskap til å gjere greie for forskings- og utviklingsarbeid og kva desse arbeida kan ha å seie for fagområdet

Innhald:

Bacheloroppgåva er eit individuelt og rettleidd forskingsarbeid. Studenten skal:

- finne formålstenlege metodar og forskingsdesign i forskning med idrettsrelaterte problemstillingar
- arbeide med metodetriangulering
- utvikle god forskningsetikk
- undersøkje ulike problemområde som er relevante i forhold til studiet si målsetjing og idrett

Organisering og arbeidsformer:

- Gruppearbeid
- Individuelt arbeid
- Rettleiing
- Bruk av læringsplattform (Fronter)

Krav til forkunnskapar: Gjennomført og bestått emne "Vitskapsteori og metode" frå 2. studieår.

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: For å framstille seg til eksamen må studenten følgje Retningslinjene for studentoppgåver som er gitte av Høgskolen i Hedmark og utdjupa av Institutt for idrettsfag. Godkjente obligatoriske krav er ein føresetnad for å kunne framstille seg til eksamen.

Vurderingsordning:

Fordjupingsarbeid i gruppe med individuell rapportering som blir vurdert med graderte bokstavkarakterar frå A-F, der E er lågaste ståkarakter.

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur

1BEVL01 Læring om rørsle

Emnekode: 1BEVL01

Namnet til emnet: Læring om rørsle

Studiepoeng: 10

Semester: Haust

Språk: Norsk

Læringsmål:

Studenten skal ved fullført emne ha tileigna seg

- kunnskap om grunnlaget for forståing av læring, styring og kontroll av idrettslege rørsler
- dugleikar i å analysere samanhengen mellom læringsmiljø og læring om rørsle
- integrert forståing av samanhengen mellom teori i læring om rørsle og praksis
- kunnskap om verdien av motorisk kompetanse
- kunnskap om vanleg og seinka motorisk utvikling

- tilstrekkeleg kunnskap for å kunne gjere greie for rørsleapparatets oppbygging og funksjon som grunnlag for analyse av ulike rørsleprosessar
- nytta kunnskap om mekaniske prinsipp i læring om rørsle

Innhald:

I arbeid med å nå måla i emnet skal studentane jobbe med:

- grunnleggjande fagområde innan rørsleanalyse
- biomekanikk
- anatomi
- motorisk utvikling og læring
- observasjon av rørsle
- evaluering av observasjon
- tilrettelegging for motorisk læring

Organisering og arbeidsformer:

- Forelesingar (lærarstyrte og studentstyrte)
- Problembasert læring
- Gruppearbeid
- Individuelt arbeid
- Det nettbaserte studiestøttesystemet Fronter blir nytta i undervisninga

Krav til forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: Obligatoriske arbeidskrav vil bli presiserte i undervisningsplanen

Vurderingsordning:

Prosjektarbeid i gruppe som blir vurdert med graderte bokstavkarakterar frå A-F, der E er lågaste ståkarakter. Gruppene består av 3-4 studentar

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur

1FAD01 Fagdidaktikk

Emnekode: 1FAD01

Namnet til emnet: Fagdidaktikk

Studiepoeng: 5

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål:

Studenten skal ved fullført emne ha tileigna seg:

- kunnskap om samanheng mellom sentrale føresegner og praksis
- kjennskap til kva for utfordringar ein kan møte i praksisfeltet
- eit medvite forhold til formidling av fysisk aktivitet
- dugleikar i å bruke fagdidaktiske teorimodellar i eigen praksis
- dugleikar i å bruke ulike undervisnings- og instruksjonsmetodar
- teoretiske kunnskapar og praktiske dugleikar knytte til kommunikasjon og kva kommunikasjon har å seie for grunnleggjande fagdidaktiske problemstillingar

- evne til å planleggje, gjennomføre og evaluere læring

Innhald:

Fagdidaktikk legg spesiell vekt på grunnleggjande forståing for korleis læring blir planlagd, gjennomført og vurdert. Emnet har særleg fokus på å gi kunnskap som støttar praksis 1. studieår. Arbeidet med emnet vil ta for seg tema som:

- Sentrale fagdidaktiske omgrep med utgangspunkt i fagdidaktisk relasjonstenking
- Tilrettelagd opplæring (differensiering)
- Leirolla i forhold til barn og unge
- Læringsmetodar

Organisering og arbeidsformer:

Studieturar/ekskursjonar

Forelesing

Gruppearbeid

Rettleiing

Det nettbaserte studiestøttesystemet Fronter blir nytta i undervisninga

Praksis, 3 veker

Krav til forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: Praksisførebuande seminarrekke i framkant av praksis

Vurderingsordning:

2 timars skriftleg individuell eksamen

Blir vurdert med graderte bokstavkarakterar frå A-F, der E er lågaste ståkarakter.

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur

1FHT11 Fysiologi, helse og treningslære

Emnekode: 1FHT11

Namnet til emnet: Fysiologi, helse og treningslære

Studiepoeng: 15

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål:

Studenten skal ved fullført emne ha tileigna seg

- forståing for samspelet mellom dei ulike fysiologiske prosessane og korleis desse kan påverkast av trening og inaktivitet
- kunnskap om samanhengen mellom kosthald/ernæring, yteevne og helse, og kva dette har å seie for menneskekroppen si oppbygging og utvikling
- forståing for samheng mellom fysiologiske prosessar, treningsmetodar, yteevne og helse
- kunnskap om korleis fysisk aktivitet kan vere ein helsefremjande faktor
- dugleikar i å planleggje for trening i eit kort- og langsiktig perspektiv

- kunnskap om sentrale treningsprinsipp og dei fysiologiske grunngevingane deira
- kunnskap om førebygging og behandling av skadar og gi grunnleggjande førstehjelp
- kunnskap om samanhengen mellom feilbelastningar og helse

Innhald:

Arbeidet med emnet vil ta for seg tema som:

- fysiologi
- helse i individperspektiv
- treningslære
- kosthald og ernæring
- ergonomi
- førstehjelp

Organisering og arbeidsformer:

- Forelesingar (lærarstyrte og studentstyrte)
- Problembasert læring
- Gruppearbeid
- Individuelt arbeid
- Det nettbaserte studiestøttesystemet Fronter blir nytta i undervisninga

Krav til forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: Obligatoriske arbeidskrav vil bli presiserte i undervisningsplanen

Vurderingsordning:

6 timars skriftleg individuell eksamen som blir vurdert med graderte bokstavkarakter frå A-F, der E er lågaste ståkarakter.

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur

1FIA11 Fordjupingsidrettar med trenar- og arrangementspraksis

Emnekode: 1FIA11

Namnet på emnet: Fordjupingsidrettar med trenar- og arrangementspraksis

Studiepoeng: 15

Semester: Haust / Vår

Språk: Norsk

Læringsmål:

Studenten skal ved fullført emne ha tileigna seg:

- ytterlegare auka trenarcompetanse i den valde fordjupingsidretten
- evne til å kunne utøve, forstå og leggje til rette for læring, utvikling og opplevingar innanfor den valde idretten.
- evne til å bruke kunnskap og dugleikar, tileigna frå andre emneområde
- ein kritisk og reflektert trenarfilosofi gjennom trenarpraksis i den frivillige idretten
- grunnleggjande kunnskap om og erfaring med førebuing, gjennomføring og evaluering av idrettsarrangement.

Innhald:

Arbeidet med vald fordjupingsidrett vil i stor grad skje som trenarpraksis i nært samarbeid med den frivillige idretten. Det vil også bli gitt tett fagleg oppfølging frå faglærarar på høgskulen.

Organisering og arbeidsformer:

Emnet stiller krav til aktiv deltaking og medansvar, og kvar student har ansvar for eiga læring og for å søkje rettleiing ved praksisstaden og hos faglærar. Aktuelle arbeidsformer vil vere: trenarpraksis, arrangementspraksis, individuelt arbeid, rettleiing, problembasert læring, gruppearbeid

Krav til forkunnskapar: Oppnådd påkravd formell trenarkompetanse i den valde fordjupingsidretten (vil variere frå idrett til idrett)

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: Godkjente arbeidskrav i praksis. Godkjent praksisrapport.

Vurderingsordning:

Praktisk/ metodisk eksamen med munnleg høyring. Eksamen blir vurdert med gradert karakter. Praktisk/ metodisk del tel 50 % av karakteren og den munnlege høyringa 50 % av karakteren

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur

1FIT11 Fordjupingsidrettar med trenarpraksis

Emnekode: 1FIT11

Namnet på emnet: Fordjupingsidrettar med trenarpraksis

Studiepoeng: 15

Semester: Haust / Vår

Språk: Norsk

Læringsmål:

Studenten skal ved fullført emne ha tileigna seg:

- ein vidareutvikla trenarkompetanse i den valde fordjupingsidrett.
- evne til å kunne utøve, forstå og leggje til rette for læring, utvikling og opplevingar innanfor den valde idrett.
- evne til å bruke kunnskap og dugleikar, tileigna frå andre emneområde
- ein kritisk og reflektert trenarfilosofi gjennom trenarpraksis i den frivillige idretten

Innhald:

Arbeidet med vald fordjupingsidrett vil i stor grad skje som trenarpraksis i nært samarbeid med den frivillige idretten. Det vil også bli gitt tett fagleg oppfølging i frå faglærarar på høgskulen

Organisering og arbeidsformer:

Emnet stiller krav til aktiv deltaking og medansvar, og kvar student har ansvar for eiga læring og for å søkje rettleiing ved praksisstaden og hos faglærar. Aktuelle arbeidsformer vil vere; trenarpraksis, individuelt arbeid, rettleiing, problembaserte læring, gruppearbeid.

Krav til forkunnskapar: Trenar I (eller tilsvarande) i den valde fordjupingsidretten.

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: Godkjente arbeidskrav i praksis. Godkjent praksisrapport.

Vurderingsordning:

Praktisk/ metodisk eksamen med munnleg høyring. Eksamen blir vurdert med gradert karakter. Den munnlege høyringa er justerande på endeleg karakter.

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur

IID11 Idrett

Emnekode: IID11

Namnet på emnet: Idrett

Studiepoeng: 25

Semester: Haust / Vår

Språk: Norsk

Læringsmål:

Studenten skal ved fullført emne ha tileigna seg:

- grunnleggjande praktisk og teoretisk kunnskap i eit utval av idrettar
- eit forhold til element som instruksjon, rettleiing, formidling, kommunikasjon og tilretteleggjing
- betra eigendugleik i dei einskilde aktivitetane

Innhald:

Arbeidet med emnet Idrett er retta mot utvalde idrettar og aktivitetar som ein vurderer vil gi ei variert tilnærming, vere komplementære samt vere viktige i regionen vår. Basistrening blir vektlagt som eit overgripande emne. Fokus blir retta mot utvikling av grunnleggjande eigenskapar som er sentrale for ein trenar. Det vil bli stilt krav om gjennomført og godkjent kurs i hjarte- og lungeredning (HLR) og symjing

Organisering og arbeidsformer:

Emnet stiller krav til aktiv deltaking og medansvar, og kvar student har ansvar for eiga læring og for å søkje rettleiing hos faglærar og medstudentar. Aktuelle arbeidsformer vil vere; praktisk aktivitet, problembasert læring, individuelt arbeid, gruppearbeid, instruksjon og rettleiing

Krav til forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: Minimum 80% aktiv deltaking i kvar av idrettsaktivitetane.

Vurderingsordning:

Prøve i livberging i vatn og HLR dugleikskrav i kvar av aktivitetane. Blir vurdert til bestått/ikkje bestått. Dugleikskrava er presiserte i arbeidsplanane som er klare seinast ved studiestart.

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur

1IPS11 Idrettspsykologi

Emnekode: 1IPS11

Namnet på emnet: Idrettspsykologi

Studiepoeng: 15

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål:

Studenten skal etter fullført emne ha tileigna seg:

- forståing for og innsikt i ulike motivasjonsteoriar, og korleis ein som trenar kan påverke utøveren sin motivasjon
- kunnskap om korleis idrettspsykologi kan brukast innanfor idrett for å optimalisere prestasjon, og for å leggje til rette for ei positiv utvikling for den einskilde idrettsutøveren gjennom idrettsdeltakinga
- medvit rundt trenarrolla og evne til å utøve trenarrolla i praksis

Innhald:

I arbeidet med emnet vil ein gjennom hovudtema som motivasjonsteoriar, utøvarutvikling og trenarutvikling ta for seg område som:

- Former for motivasjon
- Målsetjing
- Motivasjonsklima
- Forholdet mellom individ og situasjon
- Feedback
- Forsterking
- Læringsklima
- nytta idrettspsykologi
- gruppekohesjon
- gruppedynamikk
- personlegdomstypar

Organisering og arbeidsformer:

- Forelesingar (lærarstyrte og studentstyrte)
- problembasert læring
- praktiske aktivitetar
- individuelt arbeid
- gruppearbeid

Krav til forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: Obligatoriske arbeidskrav er presiserte i arbeidsplan

Vurderingsordning:

6 timars skriftleg individuell eksamen. Blir vurdert med graderte bokstavkarakterar frå A-F, der E er lågaste ståkarakter.

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur

1SVE02 Samfunnsvitenskaplege emne 1

Emnekode: 1SVE02

Namnet på emnet: Samfunnsvitenskaplege emne 1

Studiepoeng: 5

Semester: Haust

Språk: Norsk (engelsk ved behov)

Læringsmål:

Studenten skal ved fullført emne ha tileigna seg:

- kunnskap om utviklinga av norsk idrettshistorie
- forståing for dagens organisering av norsk idrett sett i lys av den historiske utviklinga
- kunnskapar for å kunne drøfte viktige idrettssosiologiske tema i lys av teori

Innhald:

Arbeidet med emnet vil ta for seg tema som:

- Framvoksteren av norsk organisert idrett
- Idretten som kamparena
- Moderniseringa av norsk idrett
- Idretten sin sosiale og kulturelle reproduksjon

Organisering og arbeidsformer:

- Forelesingar (lærarstyrte og studentstyrte)
- Problembasert læring
- Gruppearbeid
- Individuelt arbeid
- Det nettbaserte studiestøttesystemet Fronter blir nytta i undervisninga

Krav til forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: Obligatoriske arbeidskrav vil bli presiserte i undervisningsplanen

Vurderingsordning:

2 timars individuell skriftleg eksamen. Blir vurdert med graderte bokstavkarakterar frå A-F, der E er lågaste ståkarakter.

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur

1SVE02-02 Samfunnsvitenskaplege emne 2

Emnekode: 1SVE02-02

Namnet på emnet: Samfunnsvitenskaplege emne 2

Studiepoeng: 10

Semester: Haust

Språk: Norsk

Læringsmål:

Studenten skal ved fullført emne ha tileigna seg:

- evne til å diskutere tydingar av omgrepet folkehelse

- evne til å diskutere idretten si rolle i folkehelsearbeid
- evne til å drøfte kropp, helse og idrett i eit sosiologisk perspektiv
- evne til å diskutere etiske problemstillingar i idretten
- evne til å reflektere kritisk omkring forholdet mellom topp og breidd
- evne til å diskutere forholdet mellom idrett, media og marknad
- evne til å reflektere omkring idrett som ungdomskultur

Innhald:

Arbeidet med emnet vil ta for seg tema som:

- folkehelseomgrepet
- sosiale ulikskapar i folkehelse
- fysisk aktivitet som helsefremjande tiltak i for eksempel den organiserte idretten, den kommersielle idretten og skuleverket
- ”Fair play”, juks og doping
- Idrett og kommersialisering
- Maktforholdet mellom idretten, media og marknaden
- Toppidretten sin plass i norsk idrett.
- Idretten som sosial arena
- Eigenorganisert idrett og subkulturar

Organisering og arbeidsformer:

- Forelesingar (lærarstyrte og studentstyrte)
- Problembasert læring
- Gruppearbeid
- Individuelt arbeid
- Det nettbaserte studiestøttesystemet Fronter blir nytta i undervisninga

Krav til forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: Det vil bli gitt obligatorisk arbeidskrav undervegs i emne - dette blir opplyst seinast ved studiestart

Vurderingsordning:

Individuell skriftleg heimeeksamen over 1 veke. Blir vurdert med graderte bokstavkarakterar frå A-F, der E er lågaste ståkarakter.

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur

1TRE01-02 Treningslære 2

Emnekode: 1TRE01-02

Namnet på emnet: Treningslære 2

Studiepoeng: 10

Semester: Haust

Språk: Norsk

Læringsmål:

Studenten skal ved fullført emne ha tileigna seg:

- auka kunnskap omkring treningsprinsipp
- auka kompetanse i å bruke prinsipp i treningslære.

Innhald:

Emnet byggjer på den grunnleggjande undervisninga i treningslære som vart gjennomført 1. studieår.

- Arbeidskravs- og kapasitetsanalyse.
- Testar for kravs- og kapasitetsprofilering.
- Langsiktige og kortsiktige treningsplanar med vekt på det langsiktige perspektivet.
- Trening etter utarbeidde treningsplanar.
- Grunngi, dokumentere, analysere og evaluere trening.

Organisering og arbeidsformer:

- Forelesingar (lærarstyrte og studentstyrte)
- problembasert læring
- praktiske aktivitetar
- individuelt arbeid og gruppearbeid

Krav til forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: Obligatoriske arbeidskrav er presiserte i arbeidsplan

Vurderingsordning:

1Treningsjournal som blir vurdert til bestått/ikkje bestått og 3 timars skriftleg individuell eksamen.

Individuell eksamen blir vurdert med graderte bokstavkarakterar frå A-F, der E er lågaste ståkarakter og tel 100% av sluttkarakter.

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur

1VTM01 Vitskapsteori og metode

Emnekode: 1VTM01

Namnet på emnet: Vitskapsteori og metode

Studiepoeng: 5

Semester: Vår

Språk: Norsk

Læringsmål:

Studenten skal ved fullført emne ha tileigna seg

- kunnskap om ulike vitskapstradisjonar
- evne til å gjere forskingsetiske vurderingar
- kunnskap om ulike forskingsmetodar
- dugleik i å vurdere kvaliteten av forsking
- dugleik i å utforme ein prosjekttomtale

Innhald:

- Vitskapsteori; fortolkande og forklarande perspektiv
- Etikk
- Kvalitative metodar - fordeler og ulemper
- kvantitative metodar - fordeler og ulemper
- Validitet og reliabilitet
- Fasar i eit utviklingsarbeid

Organisering og arbeidsformer:

Forelesing
Gruppearbeid
Seminar
Rettleiing

Krav til forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: Obligatoriske arbeidskrav vil bli presiserte i undervisningsplanen

Vurderingsordning:

Individuell prosjekttale som blir vurdert til bestått/ikkje bestått

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur

Valfrie aktivitetar - 5 studiepoeng

Emnekode: Avheng av vald aktivitet
Namnet på emnet: Valfrie aktivitetar - 5 studiepoeng
Studiepoeng: 5
Semester: Haust
Språk: Norsk

Læringsmål:

Studenten skal ved fullført emne ha tileigna seg:

- kunnskap om gjennomføring av nødvendige tryggingrutinar der dette er påkravd
- praktisk og teoretisk kunnskap innan idrett/aktivitetar som utvidar breiddperspektivet og forståinga av rørslekulturen hos barn og unge
- kunnskap om prinsipp for læring og trening av idrettane/aktivitetane retta mot unge og vaksne på forskjellig nivå
- evne til å kunne vise grunnleggjande eigendugleikar i idrettar og aktivitetar som det er undervist i

Innhald:

Valføre aktivitetar legg spesielt vekt på praktisk metodisk kunnskap og dugleikar. Kvar student skal ha to idrettar/aktivitetar som varetek breiddperspektivet i utdanninga. Avhengig av skulen sine faglege ressursar møter studentane eit utval av idrettar/aktivitetar. Eksempel på dette er: amerikansk flaggfootball, sirkusskule, yoga, telemark, snøbrett og klatring

Organisering og arbeidsformer:

- Forelesing
- Gruppearbeid
- Rettleiing
- Bruk av læringsplattform (Fronter)

Krav til forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: minst 80 % aktiv medverknad

Vurderingsordning:

Individuell prøving av dugleik innan den einskilde idrett/aktivitet som blir vurdert til bestått/ikkje bestått

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur

Frie modular

Emnekode: Avheng av vald modul

Namnet på emnet: Frie modular

Studiepoeng: 30

Semester: Haust / Vår

Språk: Norsk

Læringsmål:

Studenten skal gjennom eige initiativ vere med å styre retninga på den spesifikke trenarkompetansen sin

Innhald:

Relevante fagområde for å fullføre ein bachelor i idrett. Dette kan gjerast ved Høgskolen i Hedmark eller hos samarbeidspartnarar.

Organisering og arbeidsformer:

Avheng av vald(e) emne(r)

Krav til forkunnskapar: Ingen

Obligatoriske krav som må vere godkjente før ein kan avleggje eksamen: At dei valde modulane (tilsvarande 30 studiepoeng) har relevans i høve til resten av studiet. Modular som skal innpassast må godkjennast av Høgskolen i Hedmark

Vurderingsordning:

Avheng av det emne som er valt.

Ansvarleg avdeling: Avdeling for helse og idrettsfag

Ingen litteratur